

Fiskebåtreiar Inge Halstensen kjem til neste møte i Senioruniversitetet.

04.02.2020



Fiskebåtreiar Inge Halstensen er førelesar på møte i Senioruniversitetet, torsdag 13. februar.

Fiskebåtreiar Inge Halstensen frå Bekkjarvik i Austevoll kommune kjem til det neste møte i Senioruniversitetet, torsdag 13. februar kl. 11.00, i Rosendal. Tittelen på førelesinga hans er Jord og hav – vårt vestnorske næringsgrunnlag gjennom soga.

Foredraget inneheld ein bok om landbruket og ein bok om fiskeriet. For begge går Halsteinsen tilbake til opphavet då isen forsvann for ca. 10.000 år sidan. Utan desse to næringane hadde det ikkje vore busetnad på Vestlandet gjennom desse 10.000 åra.

Men i løpet av 1900-talet utviklar samfunnet seg radikalt og frigjer seg frå desse to basisnæringane. Like fullt er det havet som politikarane peikar mot i dag. Havet skal visst løysa dei fleste problem.

Inge Halstensen er i dag ein profilert person i inn-og utland. Han er hovudpersonen bak utbygginga av Bjekkarvik slik vi ser det idag. Han har ført tradisjonen vidare i den over 120 år gamle familieverksemda K. Halstensen AS med oppstart i 1897. Til 100 års markeringa i 1997 kom boka Bjekkarvik – eit kremmerleie gjennom 350 år.

Inge Halstensen er tildelt Kongens fortjenestemedalje for sitt arbeid for fiskerinæringa og for langt samfunnsnyttig arbeid.

Tekst/foto: Pressemelding
Nett: Kristian Bringedal